



Sakshandsamar:

Torbjørn Hasund

E-post: torbjorn.hasund@sfj.no

Tlf: 57 65 62 73

Vår ref.

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

Dykkar ref.

Planforum 07.05 2014

Kommunedelplan for Langset - Stryn - Storesunde

Fellesmøte i kulturhuset i Stryn og synfaring i sentrumsområdet

Referent: Torbjørn Hasund

Møtte: Lisbeth Lervik, Per Kristian Storevik, Kolbjørn Nilsen, Jan Flore, Geirmund Dvergsdal, Ellen Kirkeeide, Odd Rønningen – Stryn kommune, Terje Systad (frå klokka 12) - NVE, Oddgeir Aardal – FM landbruk, Heidi Sandvik – FM miljøvern, Birgit Tansøy – FK KA, Elisabet Kjerstad Bøe, Mona Steinsland, Torbjørn Hasund – FK PSA.

Per Kristian Storevik informerte. To hovudproblemstillingar:

- Næring trykker på i aust og vest. I vest viktig naturområde, i aust kjerneområde landbruk
- Sentrum, miljøprioritert gjennomkøyring (MPG) utbygd 95, stor trafikkauge, mogleg omkøyring.

Lervik og Dvergsdal om planarbeidet

- Arbeidet med arealdelen prioritert høgast i kommunal planstrategi
- Samfunnsdel; målsetjing om vekst basert på bulyst og næringsutvikling
 - Folkehelse
 - Næring
 - Bulyst og bustadtilbod

Planprogram vedteke endeleg 27. februar 2014. Då var Storesunde med i planområdet.

Ved Vikaleirane. Våtmarksområde går inntil næringsområde med fleire bedrifter med framtidig ekspansjonsbehov. Dispensasjon for utviding på eksisterande grunn er gjeve, men bedriftene ser føre seg behov for ekspansjon ut i eksisterande våtmark. Stort konfliktpotensiale.

Avlastingsveg for riksveg gjennom sentrum (nærare elva) er markert i gjeldande plan. SVV klare på at dei ikkje ser behovet, eventuell avlastingsveg vil verte kommunal, SVV går ikkje inn i den. Men positive til å sjå på justeringar av MPG.

Potensielt parkområde rett aust for sentrum er også vurdert.

Vassmiljø i og nær Stryn sentrum. Største miljøverninteressene i planområdet er knytt til vassmiljø. Presenterte dei viktigaste områda

Kjerneområde landbruk registrert i 2006. 2 landbruksområde og 2 kulturlandskapsområde innanfor planområdet. Skal i planen leggjast inn som omsynnsone. Landbruksområde vest for Rise bru er «sleppt» for viktige andre formål, aust for Rise bru skal det vere vanskeleg å omdisponere.

Synfaring:

- Vikaleirane med orientering frå Septik 24 / Miljøservice (11:00 – 12:00).
- Stryn sentrum (12:30 – 13:30)

Runden (13:30 – 15:00)

Vikaleirane

Systad - stormflo dimensjonerande, klimaendringane skal leggjast til grunn. Alternativt flaumtålande bygg. Diskusjon om aktuelle løysingar. Leire i grunn kan vere utfordrande. Flaumvoll vil også kunne ha negativ verknad, «bakvatn» vil ikkje lett sleppe ut.

Sandvik - rapport utført av Rådgjevande Biologar om vassutskifting, biologisk mangfald, landskap, friluftsliv. FM har sett på den og meiner aktuelle tiltak har større konsekvensar enn det rapporten seier. Tiltak i dette området har motsegnspotensiale. Ikkje berre i høve biologisk mangfald, også landskapsoppleving. Alternative løysingar svært viktig å vurdere her.

Kjerstad Bøe – dette er ei flaumsone, og sjølv med dagens klima kan det vere utfordringar ved springflo. Ulike interesser må avvegast. Bedriftene må planlegge på lang sikt for å kome seg ut av sentrum.

Tansøy – jekteplass nordaust i Vikaleirene. Grunneigarane negative til utfylling, men har vore positive til dispensasjon innafor eksisterande fylling.

Steinsland – bur folk i heile lia bak, kommunen må også drøfte problemstillingane knytt til det.

Dvergsdal - utfordringa er balansen mellom samfunnsinteresser og næringsinteresser på andre sida, som samfunnet igjen er avhengige av. Korleis formar ein passasjen frå aust og vest, i dag og ut frå det vi har snakka om møter besøkande med industrihus.

Kjerstad Bøe - politikarane må få klarheit i alle aspekt. Klargjere nivåskilnad mellom dei ulike interessene; miljømyndigheitene ser på miljøvern som å late vere ei utfylling, bedriftene meiner miljøvern er å pynte på fyllinga.

Storevik - å ikkje gjere val er ikkje eit val her. Planarbeidet vil verte krevjande, fordi det må takast store avgjerande val.

Rønningen – det kommunen tek stilling til no eigentleg er om alt eller ingenting skal utfyllast, for fyller du ut no går miljøkvalitetane nedover, ved neste korsveg er dei for lite verdt til at ein kan forsvare å ta vare på dei.

Aardal – ønskjer at det i planprosessen skal vere ei haldning om at landbruk er ei næring på høgde og med same verdi som anna næringsliv.

Rise Bru

Aardal - før eventuell omdisponering må det gjennomførast nye kartleggingar for å vise at dei områda ikkje lenger har dei kjende verdiane, og elles må det vere ein god buffer mot elva.

Systad – fyller ein opp det lågast liggande området på arealet rett aust for Rise bru, kan dette få konsekvensar for område lenger nede i elva, i og med at elva får mindre «ekspansjonsareal» og dermed raskare vasstraum. Dette må utgreiast gjennom KU. Uansett må det vere igjen ei god sone ned mot elva for å sikre kantvegetasjonen.

Tansøy – retningslinjer for kva som kan gjerast i buffersonene. Sandvik - landskapsbilete også, her må ein kome med alternative vurderingar. Storevik – alternativet er langs vegen, og ein vil uansett kome i konflikt med kjerneområde landbruk.

Aardal – omdisponering aust for Rise bru vil vere konfliktfylt. Stryn kommune satsar på landbruk, og då må det ligge til grunn for vala vidare i planprosessen.

Steinsland – den store landskapsstrukturen i Stryn gjer at slik ein no tenkjer vert dei ei slags tribune av bustader i lisdene, sentrum og næring som scene, og elva forsvinn bak og vert usynleg. Ein strekk også sentrum utover. Diskusjon knytt til å sentrumsstruktur.

Rønningen - Grunnen til ønsket om park i området rett aust for sentrum, er at det har sterke kulturminne. Tansøy – bautaen er automatisk freda, kunne tenkt seg større buffer til bautasteinen, utgravinga viser at det har stått store naust ved elva her, dette var landingsplassen i Stryn i tidlegare tider.

Mona om å satse på gode grønne strukturar i sentrum i staden for ein park. Meir dynamikk i slike område.

Sentrum – avlastingsveg

Dvergsdal om dei tankane dei har gjort, fleire ulike alternativ. Traseen er inne i gjeldande plan. Eit alternativ som skal vurderast er å ta den ut. Burde hatt eit betre grunnlag for å tenkje korleis det skal gjerast, har søkt om midlar frå fylkeskommunen til å få med eksterne til å tenke korleis det skal gjerast.

Oppsummering (Storevik)

Interessante faglege innspel, no må kommunen bearbeide. Ønskjer nytt planforum med samling rundt planutkast og felles tenking før dei gjer utkast ferdig. **Hasund og Dvergsdal avklarar dato for planforum, september eller oktober**

Slutt 15:00